

Storingsrepresentant Jenny Klinge (Sp) vart imponert:

Vik Ørsta sitt nye midtrekkverk er klart for dei norske vegane

Storingsrepresentant Jenny Klinge rosar Vik Ørsta for utviklinga av det nye midtrekkverket Monoline. – Dette tyder på høg kompetanse og utviklingskraft hjå Vik Ørsta, seier Klinge.

Storingsrepresentanten tok turen innom Vik Ørsta i samband med Senterpartiet sitt landsmøte i Ålesund denne helga. Vik Ørsta og Saferoad gav omvising i produksjonslokala i Skorgeura, og bedrifta la særleg vekt på presentasjon av det nyutvikla produktet Monoline.

Kostnadssparande

– Dette er eit produkt å vere stolt av. Å innføre Monoline-midtrekkverket er både kostnadssparande for staten og eit stort steg i rett retning med tanke på auka trafikksikkerheit langs norske vegar, seier Klinge.

Av nasjonal transportplan (NTP) går det fram at på 10 års sikt skal 750 kilometer med midtrekkverk ut i det norske vegsystemet. Slik situasjonen er i dag, kostar det staten 40.000 kroner per meter å nytte seg av dagens betongrekkverk. Det nye midtrekkverket utvikla hjå Vik Ørsta vil ha ein kostnad på kring 1000 kroner per meter. Produktet vil med andre ord spare staten for store summer.

Glimrande døme

– Monoline er i tillegg så plassinnsparande at det i mange tilfelle ikkje vert naudsynt å utvide vegen som eit ledd i prosessen, seier Klinge.

I tillegg understrekar ho at frå Senterpartiet sin ståstad er det positivt at ein slepp å gjere større inngrep i naturen enn naudsynt.

Volda-ordførar Ragnhild Aarflot Kalland er samd.

– Utviklinga av Monoline er eit glimrande døme på god innovasjon og eit samferdselsiltak som vil betre tryggleiken på vegane i stor grad. Målet er å hindre møteulykker mellom bilar, og i test-samanheng fungerer Monoline på ein



fantastisk måte, seier Volda-ordføraren, som deltok på omvising hjå Vik Ørsta.

Godkjent 9. mars

Monoline vart offisielt godkjent 9. mars, og viseadministrerende direktør, Terje Bøe, reknar med at produktet vil vere på full fart ut av produksjonslokala innan 1. juni.

– Når ein tenkjer på at 45 prosent av alle dødsulykker på norske vegar er møteulykker, seier det seg sjølv at det er viktig med midtrekkverk. Monoline har låge vedlikehaldskostnader og garantien er lenger, seier Bøe.

Også dyrevern har spela inn i produktutviklinga.

– Mange dyr oppheld seg langs vegane. Monoline gjer at dyra kan

springe rett under, medan dagens rekkverk tvingar dyra til å springe langs rekkverket, seier Bøe.

Aarflot Kalland er i likheit med Klinge imponert, og håper at produktet vert teke i bruk på norske vegar snarast.

– Det gler ein Sp-representant at dyrkamark vert betre tatt vare på då Monoline er så smalt utvikla at ein ikkje alltid treng å utvide dei eksisterande vegane. No er vi på god veg til at mange fleire kilometer får midtrekkverk. Og dette vert gjort av ei bedrift i Ørsta, vektlegg Volda-ordføraren stolt.

Skal vere stolt over bedrifta

Vik Ørsta AS arbeider primært innan marknadsområda lysmast, tun-

nelsikring og trafikksikring. Bedrifta er lokalisert i Ørsta og i Vik i Sogn, og er resultat av fusjonen mellom Ørsta Stål AS og Vik Verk AS.

I tillegg til eigne produkt, produserer bedrifta spesialprodukt etter spesifikasjon frå kundar. Selskapet er det største enkeltelskapet i Saferoad Gruppa med om lag 320 tilsette. Bedrifta hadde i 2008 ei omsetning på 579 millionar kroner.

Ifølgje storingsrepresentant Klinge skal ein vere stolt over at ei slik bedrift har sitt hovudsete i Ørsta.

– Dette betyr mykje for distriktet. Det som vert utvikla hjå Vik Ørsta imponerer meg, seier storingsrepresentanten.

Jenny Klinge møter for tida som

Det nye midtrekkverket Monoline, som er utvikla hjå Vik Ørsta, vert her inspirert av viseadministrerende direktør Terje Bøe, storingsrepresentant Jenny Klinge (Sp) og Volda-ordførar Ragnhild Aarflot Kalland.

vara på Stortinget for Eli Sollied Øveraas, som har permisjon. Klinge er frå Møre og Romsdal og er medlem av Transport- og kommunikasjonskomiteen i Stortinget.

Statssekretær Erik Lahnstein (Sp) skulle også vere med til Ørsta, men måtte melde fråfall på grunn av sjukdom.

Linda Halse Digernes